



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkjelydane i Sveio

MØTEBOK/REFERAT SVEIO SOKNERÅD

Dato:	6.2.2024
Desse møtte:	Anne Vierdal, Solfrid Lier Habbestad, Bente Hovland Johannesen Rune Hjelmeseter, Astrid Yasmin Furdal, Leiv Rossehaug, Sigrun Breistig, Kjell Gunnar Nymark, Lars Edvart Larsen, Rikard Stokkenes
Fråvær:	Hildur Larsen Lars Severin Reiersen, Arild Steinsland
Referent:	Solfrid Lier Habbestad

SR 25/24	Opprop, godkjenning av innkalling og dagsorden Opprop blei gjennomført. Merknader til innkalling: Ingen Følgjande saker blei meldt til eventuelt: -Leiv ønskjer å ta opp ei sak Vedtak: Innkalling og sakliste blei godkjent. Sak som blei meldt over, blir handsama under eventuelt i sak 33/24.								
SR 26/24	Godkjenning av referat frå møta 9.1.24 og 20.1.24 Viser til utsendte referat frå møta 9.1.24. Merknader til referatet frå dette møtet: Ingen 20.1.24: Merknader til referatet frå dette møtet: Ingen Vedtak: Referat frå møta 9.1. og 20.1. blei godkjent.								
SR 27/24	Gudstenester sidan sist (orientering) <table><tr><td></td><td>Prest</td><td>Kyrkjevertgr</td><td>Kommentar</td></tr><tr><td>21.januar kl 11</td><td>Vikar</td><td>4</td><td>Store dåpsfølgjer, men lite folk elles. Ikkje kyrkjekaffe</td></tr></table> NB! Har ikkje vore tradisjon for å ha kyrkjekaffe i høgtidshelgane.		Prest	Kyrkjevertgr	Kommentar	21.januar kl 11	Vikar	4	Store dåpsfølgjer, men lite folk elles. Ikkje kyrkjekaffe
	Prest	Kyrkjevertgr	Kommentar						
21.januar kl 11	Vikar	4	Store dåpsfølgjer, men lite folk elles. Ikkje kyrkjekaffe						
SR 28/24	Møte i utvala sidan førre møte (orientering) Fellesrådet: Har hatt kurs (mykje stoff på 4 timar): Tre medlemmer frå soknerådet og to representantar frå staben i kyrkja deltok på kurset. Har ikkje vore møte i nytt fellesråd. Spørsmål om utlysing av kantorstillinga: Viktig at soknerådet får koma med innspel til annonsetekst. Blir å koma tilbake til. Kyrkjevertgr: Har trong for e-postar til alle vertane. Desse kan skaffast frå kyrkiekontoret.								

	Trusopplæring: Gruppa har ikkje hatt møte. Dei tilsette for trusopplæring er i gong med dåpsskule. «Etter skuletid» startar snart opp. Diakoniutvalet: Dei som var med i dette utvalet førre periode, ønskjer å delta framleis, saman med representantane frå nåverande sokneråd. Satsingsområde for utvalet: Skapa møteplassar, der eldre er i fokus. Songkafé er planlagt for våren. Oppstart i mars, onsdagar kl.15.30 fire gonger før sommaren. Besøksteneste: Var fellessak for sokneråda på Haaheim, men skal handsamast på nytt i mars, i begge sokneråda.
SR 29/24	Ny sokneprest (orientering) Eirik Aadland Tappel er tilsett som sokneprest i Sveio. Soknerådet gler seg over tilsettinga og ser fram til å samarbeida med den nye soknepresten.
SR 30/24	Sak frå diakoniutvalet om diakonstillingar Frå innkallinga: <i>«Bakgrunn: Førre møte, 20. januar 2024, var saka oppe og det vart vedtatt å ta opp saka ved neste møte og ta røystinga innad i dei ulike sokneråda, slik at alle kan vera tilstade. Sidan soknepresten ikkje kan delta i dette møtet, legges det fram eit forslag om å utsette saka til mars-møtet. Førde/Valestrand sokneråd har neste møte i mars, så det kan uansett ikkje bli vedtatt før dei har hatt voteringa si i mars.»</i> Vedtak: Soknerådet vedtek å utsetja saka/voteringa til møtet i mars
SR 31/24	Møteplan våren 2024 Frå innkallinga: <i>«Bakgrunn: det vart vedtatt på desember-møtet å ha ei ny røysting over møteplanen i vår. Det er ynskjeleg at soknerådsmedlemmane har klart forslag til møteplan før møtet for å sikre effektivitet. Det gamle forslaget står (forslag 1), og det er kome inn eit forslag frå representant Lier Habbestad, Furdal, Johannesen og Nymark (forslag 2).»</i> I alternativ 2 var berre to av møta i vårsemesteret flytta til torsdagar. Målsettinga med forslaget var at møteplanen skulle høva for fleire i soknerådet samstundes som representantane kunne møtast «på halvvegen» Det blei stemt over dei to forslaga, vararepresentantane fekk i denne saka stemmerett. Resultatet blei som følgjer: Forslag 1:5 stemmer Forslag 2:5 stemmer Sidan stemmeresultatet blei likt for dei to forslaga, blei dobbelrøysta til leiar avgjerande for endeleg vedtak.. Vedtak: Tidlegare vedteken møteplan blir gjeldande for soknerådet.

SR 32/24	Arbeidsgruppe for juletreffest i perioden 2023-2027 Soknerådet har tidlegare utsett val av denne gruppa til hausten-24, men etter innspel frå Bente H. Johannessen, blei val gjennomført alt i dette møtet. NB! Festen må arrangerast på ein søndag. Vedtak: Bente , Rune og Sigrun stiller i arbeidsgruppa, men det er trong for ein ekstra representant som må veljast til hausten.
SR 33/24	Eventuelt Saker frå sak SR 25/24:Innspel frå Leiv Rossehaug. For at soknerådet skal få med seg kva som skjer på gudstenestene, er det viktig at medlemmene i soknerådet deltar i gudstenestene. Det var stor semje i rådet at dette er ei viktig oppmoding som representantane ønskjer å følgja.
SR 34/24	Møtekritikk Fleire hadde ordet og meiningar som kom fram var følgjande: Det kan vera trong for at soknerådet gjennomfører avstemming i nokre saker, men det bør framfor alt vera ei målsetting at gode, opne drøftingar og felles refleksjonar dannar grunnlag for vedtaka.

Sveio,8.2.2024

Solfrid Lier Habbestad

-sekretær-